



# Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 24.09.2020  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo (industribygget)  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
030/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
031/2020	Godkjenning av møteprotokoll
032/2020	Referatsaker
033/2020	Orienteringssaker
034/2020	Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen
035/2020	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonkraft for 2021 - 2024
036/2020	Val av medlem til forliksråd
037/2020	Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029
038/2020	Vidareføring av salsløyve for alkohol - COOP Modalen for peridon 01.10.20 - 31.12.20
039/2020	Skjenkeløyve - Mobryggen Drift AS for perioden 26.09.20 t.o.m. 30.09.24
040/2020	Dagsturhytta - Modalen kommune

16. september 2020

Kjetil Eikefet  
Møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/291

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	20/291

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 11.06.2020

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/291

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Referatsaker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
032/2020.1	Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020 - tildeling frå fylkesmannen
032/2020.2	Protokoll Regionråd 3-2020, fredag 5. juni 2020
032/2020.3	Protokoll frå Representantskap 1-2020 Region Nordhordland Helsehus IKS, 5. juni
032/2020.4	Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 5. juni
032/2020.5	NHR IKS: Møteutskrift styret 29.06.20
032/2020.6	Høyring planprogram – Regional transportplan 2022 – 2033 - Regionrådet Nordhordland
032/2020.7	Høyring - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - planprogram

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

**Vedlegg:**

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020

Vedlegg

2020 Prosjektskjønn - prioritering frå Region Nordhordland - endeleg til...

Protokoll Regionråd 3-2020, fredag 5. juni 2020

Protokoll 1-2020 Representantskap RNHI 5. juni - signert

1-2020 Protokoll Representantskapet NUI, 5. juni - signert

Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Utviklingselskap IKS, 5. juni

NHR IKS: Møteutskrift styret 29.06.20

Høyring planprogram – Regional transportplan 2022 – 2033 - Regionrådet Nordhordland

Høyring - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling - planprogram

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/291

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
033/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-041	20/308

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2020	Formannskapet	PS	08.09.2020
034/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

## Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek midlertidig forskrift, i samsvar med Kommunelevení § 11-7, om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen slik den ligg føre.

Forskrifta gjeld fram til 1. aug 2021.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

For å begrense spredning av Covid 19 fastsette Kommunal- og moderniseringsdepartementet 13. mars 2020 ei midlertidig forskrift som opna for at alle kommunar og fylkeskommunar kunne gjennomføre møter i folkevalde organ som fjernmøter. Forskrifta vart gjort gjeldane fram til 1. aug 2020 og vart ikkje forlenga av departementet. Departementet begrunna den midlertidige forskrifta i mars med at det var mogleg at kommunane ikkje hadde gjort nødvendige vedtak om dette sjølv, då smitterverntiltaka som i praksis innebar forbod mot fysiske møter kom brått på i mars. Det vil no vere mogleg for kommunane å gjere dei rette vedtaka sjølv, basert på lokale forhold og behov for evt fjernmøter.

#### Vurdering

Kommunelevení har reglar om møter i folkevalde organ og andre kommunale organ. Møta skal som hovudregel haldast ved fysisk oppmøte og dei folkevalde har møteplikt. I tillegg har allmennheten rett til å vere til stades i møte i folkevalgte organ.

Den midlertidige forskrifta opner for at folkevalde organ kan halde sine møter som fjernmøter, dersom det av smittevern hensyn vert rekna som naudsynt.

**Konklusjon**

Rådmannen vurderer at det er naudsynt å ha ei lokal forskrift som opnar for gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ, dersom ein får lokale utbrot av Covid 19 smitte som gjer det uforsvarleg eller lite tilrådeleg å gjennomføre fysiske møter i ein periode.

**Formannskapet - 031/2020****FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte kort om saka.  
Samrøystes vedteke

**FOR - vedtak:**

**Kommunestyret vedtek midlertidig forskrift, i samsvar med Kommuneleoven § 11-7, om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen slik den ligg føre.**

**Forskrifta gjeld fram til 1. aug 2021.**

**Vedlegg:**

Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen kommune for å begrense spreing av Covid 19



# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-S05	20/294

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2020	Formannskapet	PS	08.09.2020
035/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

## **Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2021 - 2024**

### **Forslag til vedtak:**

**Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.**

**Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv, men med slike endringar som kjem fram nedanfor. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.**

**Modalen kommunestyre vedtek slike endringar av underteikna avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om salg av konsesjonskraft:**

### **Pkt 5. Vederlag**

**Vert endra frå: Kraftlaget skal betale marknadspris til kommunen for kraften. Prisen for avtaleperioden er fastsatt til 16 øre/kWh, jf. likevel kontraktens pkt. 10 om oppsigelse.**

**Til: Kraftlaget skal betale marknadspris til kommunen for kraften. Prisen for avtaleperioden er fastsatt til 35 øre/kWh, jf. likevel kontraktens pkt. 10 om oppsigelse.**

### **Pkt 10. Ikrafttredelse og opphør.**

**Vert endra frå: Avtalen løper til 31. desember 2022**

**Til: Avtalen løper til 31. desember 2024**

**All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.**

**Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2024.**

## Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2024.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I kommunestyret sak 005/2017 vart det gjort slikt vedtak:

*Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.*

*Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidaresejast til lokalt næringsliv, men med endring av pris i samsvar med vedtak*

*i KS 017/2015. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.*

*All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.*

*Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2020.*

*Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2020.*

Grunna Korona pandemien vart det ikkje mogleg å få saka til handsaming i kommunestyret før etter sommaren 2020.

Modalen kommune er vertskommune for delar av BKK si kraftutbygging i Stølsheimen. BKK som konsesjonær må avgje inntil 10 % av innvunne kraft frå utbygginga til vertskommunen og/eller fylkeskommunen til årleg fastsett pris. Samla mengde konsesjonskraft for Modalen kommune er om lag 71 GWh.

Modalen kommune har rett til uttak av konsesjonskraft som tilsvarar det allminnelege kraftforbruket i kommunen. Dette utgjer årleg ca. 9 GWh. Det overskytande konsesjonskraftvolumet tilfell Vestland Fylkeskommune. Modalen kraftlag si omsetning av kraft til næringslivet utgjer ca. 1.1 GWh.

Utteken kraft kan kommunen nytta etter eige skjønn, enten ved sal av konsesjonskrafta i marknaden, bruke konsesjonskrafta til kommunale bygg eller tildele krafta til eigne innbyggjarar. Men konsesjonskraftrettane må forvaltast innanfor gjeldande konkurransereglar

Modalen kommunestyre vedtok i møte den 06.12.2012 (Ksak 056/12) gjeldande avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag. Vilkår i avtalen med Modalen kraftlag om videresal av konsesjonskrafta til næringslivet vart fastlagt for ein periode gjeldande for 10 år (løper til 31.12.2022). Marknadsprisen, som vart fastsett, var basert på ei vurdering i eit slikt lengre tidsperspektiv. Avtalen kan likevel seiast opp av begge partar med 6 månader verknad dersom prisutviklinga skulle tilsei at det er naudsynleg å føreta ein korleksjon. Avtalen vart sist korrigert i 2015 og vidareført frå 2017 – 2020 med same prisnivå som i 2015.

Advokatfirmaet Lund & Co var engasjert i arbeidet med utforminga av avtalen for å sikre at den var i

samsvar med ulike føresetnader for omsetning av konsesjonskraft. Særleg har det vore viktig å ivareta at prisen for sal av konsesjonskraft til næringslivet ikkje skulle medføre ei ulovleg subsidiering, men vere basert på ein fastsett markedspris for avtaleperioden.

### **Vurdering**

Når det gjeld bindingstida på forvaltninga av konsesjonskrafta etter fastsette vilkår, så er det rimeleg at denne vert avgrensa til fire år. Dette for ikkje å binde opp eit nytt kommunestyre, men leggje til rette for at dei kan føreta ei sjølvstendig vurdering av saka etter nyval, basert på dei føresetnader som då måtte rå for kommunen.

Modalen kraftlag har gjennom mange år disponert Modalen kommune si konsesjonskraft, og dei er avhengig av denne krafta for framleis å kunne drive si verksemd som i dag. Det har vore brei politisk semje om at konsesjonkrafta skal distribuerast av Modalen kraftlag, og vilkåra er i dag forvalta i samsvar med gjeldande konkurransereglar. Rådmannen finn derfor ikkje grunn til gjere ytterlegare vurderingar av andre alternativ dersom ikkje kommunestyret ynskjer/bestiller ei slik saksutgreiing.

Rådmannen vil her kort peika på at kommunen sjølv, ved seinare økonomisk behov, kan redusere sine kostnader for kjøp av straum til eigne anlegg/bygningar eller auka si inntekt ved sal av konsesjonskrafta i marknaden. Til dømes vil eit sal av 9 GWh konsesjonskraft auke inntektene til kommunen med om lag 2,5 mill årleg, basert på 2019 priser.

Pris i avtalen vart i 2015 fastsett lågare enn dåverande årskontraktsprisar basert på at avtaleprisen var for ein lengre kontraktperiode. Same vurdering må også leggjast til grunn i dag, ikkje vere basert på ei vurdering av kortare svingningar i kraftprisen.

Rådmannen har difor innhenta ei ny vurdering frå Advokatfirmaet Lund & Co for å få ei oppdatering av markedsprisen for denne kontrakten.

I den nye vurderinga konkluderer dei med at prisnivået for kontrakten er 35 til 38 øre/KWh. Rådmannen syner elles til dei vurderingar som kjem fram i vedlagt notat om prisutviklinga i kraftmarkedet fram til 2025.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at gjeldande avtale om sal av konsesjonskraft til marknadsmessige vilkår for den del som Modalen kraftlag skal vidareseleje til lokalt næringsliv vert endra i tråd med framlegg til vedtak for pkt 5 og pkt 10, og at øvrig konsesjonskraft vert vidareformidla på vilkår som tidlegare fastsett i vedtak i KS 005/2017.

## **Formannskapet - 030/2020**

### **FOR - behandling:**

Etter debatt fremma ordførar forlag til nytt alternativt vedtak, som vart teke opp til votering. Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FOR - vedtak:**

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret for handsaming, utan tilråding.

**Vedlegg:**

2020-08-17 Modalen kraftprisutvikling Lund og co

Avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om salg av konsesjonskraft

Saksframlegg 2017 avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

## Val av medlem til forliksråd

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vel Marit Kristin Nygard Nese som 1. varamedlem til felles forliksråd for Alver og Modalen i perioden 2021 - 2024

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Alver og Modalen kommunar har felles forliksråd. I følge tidlegare vedtak skal Modalen ha 1. varamedlem. Inneverande periode går ut 31.12.2020, og det må difor veljast medlem for ein ny periode på 4 år.

Marit Kristin Nygard Nese er kommunen sin representant i inneverande periode, og ynskjer attval for 4 nye år.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Sissel Hindenes	FE-140, FA-C90	19/243

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2020	Kommunestyret	PS	16.04.2020
037/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyre vedtek kulturplanen 2020 – 2029 slik den ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Det vart i februar 2016 fatta vedtak i formannskapet om å starta opp arbeidet med temaplan for kultur, idrett, folkehelse og friluft. Planen vert heretter omtala som kulturplan.

I 2017 fekk kommunen tilskot til folkehelseplanarbeid. I tillegg vart folkehelseoversikt 2017 utarbeida. Denne oversikten ligg til grunn for dei tiltaka som gjeld folkehelse i kulturplanen.

I mai 2018 blei eit tidleg utkast av kulturplan presentert i formannskapet.

##### Vurdering

Kulturplanen er eit viktig styringsdokument for kommuneleiinga, og skal samtstundes fungera som ei inspirasjonskjelde for lokal kulturutvikling.

I arbeidet med kulturplan har fleire aktørar kome med innspel. Det har vore ope folkemøte, innspel frå formannskapet, leiarar og frå ulike frivillige organisasjonar.

Innspela og funna i folkehelseoversikten danner grunnlaget for kulturplanen.

Mo og Kleivane Vel: Forlenging av tursti langs elva

Folkemøte: Styrketreningspark ute

Ha fleire arrangement i Bryggjeslottet

Klatrevegg i Bryggjeslottet

Museum

Oppgradering av lyd/ lysanlegg

Betre profilering av Olav Nygård

Turløype med kunstinstallasjonar, kulturløype

Rasteplassar med benker og bord og legge til rette for resirkulering

Ruste opp Hølen badeplass

Betre merking og skilting av kulturminner

Formannskapet: Modalen får eigen signaturløype

Uteplassar som som legg til rette for sosiale aktivitetar, gjerne med tak over

Utvikle havneområde

Sterkt fokus på kulturskuletilbodet

Kulturplanen må vere enkel og brukarvennleg

Lyd-og lysanlegget er oppgradert, men det trengs opplæring i bruken.

Ingen konkrete planar kring museet i denne perioden.

Utvikling av havneområdet er ikkje prioritert i denne perioden.

## **Konklusjon**

Kulturplanen inneheldt område for idrett, folkehelse og friluftsliv. Planen er utarbeidet i tråd med funn frå Folkehelseoversikt og etter innspel frå formannskap og andre innbyggjarar i Modalen kommune.

Rådmann rår til at kulturplanen vert vedteken.

## **Kommunestyret - 014/2020**

### **KS - behandling:**

Leiar for kundetorget, Anneli V. Lilletvedt orienterte.

Ordførar: opplever at det er mange viktige tema som vert aktualisert.

Linda Neset: sti på Øvre Helland har vore del av budsjett. Kva har skjedd med dette? Badeprosjekt Øvre Helland (badeplass Hølen), kva har skjedd med denne. Ber om status til kommande formansksapsmøte. Anneli: badeplass ligg inne med mål om ferdigstilling innan 2024. Rådmannen: Sti på Øvre Helland vert lagt inn i kulturplanen.

Kristin Nåmdal: God og ryddig plan. Ber preg av at det er gått lang tid. Sjekke årstal/ferdigstilte prosjekt. Fritidsklubben: hovudmål må endrast til at fritidsklubben skal vere sosial og trygg møteplass. Våren 2019: status, ta vekk tekst om hending i 2019 (tilsetjing, foreldrearbeid m.m.). Kommentar side. 12: fint med velferdsteknolog/digitale plattformer for eldre. Kommunen må ta føring, ikkje legge dette på frivillig sektor. Kulturstiar: Me har eit potensiale til å utbetre/oppgradere turstiar. Bør jobbe fram meir detaljert plan for dette.

Håvard Engeseth: Kva med saker/tema som evt. dukker opp undervegs? Rådmannen: ein må leggje til grunn dei saker som no har kome inn. Håvard Engeseth fremjar følgjande forslag: ynskjer gjerne at planen vert sendt tilbake til handsaming i formannskapet og deretter til kommunestyret.

Liv-Anne Aanesen: Må søkje å samordne satsing/initiativ som omhandlar tur/turstiar, hytter m.m. Saknar samordning mellom investeringbudsjett og kulturplan. Kristin Nåmdal / ordførar la fram alternativt forslag til vedtak om utsetjing av saka. Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

Saka vert utsett. Formannskapet får saka til handsaming før den vert sendt til kommunestyret for endeleg godkjenning og vedtak



**Vedlegg:**

KULTURPLAN 2020 - 2029, endeleg utgåve

Kulturplan formannskapet 28.04.20

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ove Sæbø	FA-U60	20/313

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
038/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

## Vidareføring av salsløyve for alkohol - COOP Modalen for peridon 01.10.20 - 31.12.20

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vidarefører COOP Modalen sitt løyve til sal av alkohol for perioden 01.10.20 - 31.12.20. Vilkår gjeve i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn for løyvet. Løyvet omfattar COOP Marked Mo og COOP Nærkjøp Øvre Helland

### Saksopplysningar:

Søklar har bede om vidareføring av noverande løyve for å kunne gjennomføre kunnskapstest for sal av alkohol for seg og sine aktulle avløyssarar slik at fullstendig søknad om salsløyve kan sendast inn til Modalen kommune. Av praktiske grunnar har ikkje dette blitt gjennomført innan det som var planlagt til handsaming av nytt salsløyve i kommunestyret, 26.09.10.

Alkohollova seier følgande i § 1-6:

*Dersom spørsmålet om fornyelse av gitt bevilling ikke er endelig avgjort innen bevillingsperiodens utløp, er bevillingen fortsatt gyldig inntil utgangen av den måned hvor endelig vedtak om ny bevilling er truffet, likevel ikke utover 3 måneder fra begynnelsen av den nye bevillingsperioden.*

### Bakgrunn

Det er gjennomført revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan i juni 2020. Denne legg føringar for alkoholpolitikken i Modalen. Vidareføring av salsløyve inn i ein ny 4-års periode er ikkje vist til som ein del av Modalen kommune sine retningslinjer. Ny søknad skal difor sendast inn innan 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert.

Vidareføring av salsløyvet til COOP Modalen m/ avd. ØH vart gjeve i kommunestyret 16.04.20 på grunnlag av opprinneleg søknad om salsløyve.

Det vil bli lagt fram sak for kommunestyret når endeleg søknad m/ vedlegg ligg føre. Vidareføringa gjeld t.o.m. 30.12.20.

**Vurdering**

Det er ikkje registrert avvik/merknader knytt til korleis verksemda har forvalta noverande løyve. Rådmannen vektlegg dette i vurderinga. I tillegg spelar dei praktiske utfordringane med å framskaffe dokumentasjon knytt til ny søknad innan kommunestyrehandsaminga 26.09.20 inn som vurderingsgrunnlag. Proseesen med ny søknad er i gang. Samla taler dette for å gje avgrensa vidareføring av salsløyve i maks. 3 månadar.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at salsløyve for alkohol vert vidareført for COOP Modalen og COOP avdeling Øvre Helland til 30.12.20.

**Vedlegg:**

Melding om vedtak - Fornying av sals- og skjenkeløyve for løyveperioden 01.07.2016 - 30.06.2020

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA-U60	20/313

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
039/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Skjenkeløyve - Mobryggen Drift AS for perioden 26.09.20 t.o.m. 30.09.24

#### Forslag til vedtak:

Med heimel i alkohollova m/ forskrift, samt rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune 2020 får Mobryggen Drift AS skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for perioden 26.09.20 – t.o.m. 30.09.24.

For skjenkeløyvet gjeld følgjande:

1. Løyveharar er Mobryggen Drift AS
2. Styrar for løyvet er Vidar Nøttveit
3. Stedfortreder er Janniche Nøttveit
4. Løyvet gjeld kro og fellesareal i 1. høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbygd areal og inngjerda kaiområde. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vera godkjent av kommunen, og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.
5. Skjenketid:
  - Brennevin: kl. 13.00 – 24.00, alle dagar (med evt. avgrensingar gjevne i lov/forskrift)
  - Øl og vin: kl. 08.00 – 02.00, alle dagar (med evt. avgrensingar gjevne i lov/forskrift)

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

6. Styrar og avløyssar pliktar å sikre at alkohollova med forskrifter vert fulgt opp.
7. Det vert sett som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikk også skal gjevast tilbod om matservering.
8. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
9. Det skal årleg sendast inn oppgåve over omsatt alkohol til Modalen kommune.

## **Saksopplysningar:**

Kommunestyret vedtak i juni 2020 revidert alkoholpolitisk handlingsplan. Planen omhandlar m.a. retningsliner for, og sakshandsaming av skjenkeløyve. Det vart i 2016 gjort kommunestyrevedtak om vidareføring av alle skjenke- og salsløyver i Modalen for perioden fram til 2020. Dette vart ikkje sendt inn søknadar om løyver på det tidspunktet.

For å sikre at sals- og skjenkeløyver vert gjevne i tråd med kommunestyret sin vilje, er det naudsynt å leggje fram søknadar med alle naudsynte vedlegg for handsaming. Slik får kommunestyret eit heilskapleg vurderingsgrunnlag til å styre alkoholpolitikken i Modalen kommune. I tillegg vert det sikra at alle lovpålagte forhold som t.d. kunnskapstest, korrekt styrar/stedfortredar m.m. rundt eit løyve vert ivareteke.

### **Bakgrunn**

Gjeldande sals- og skjenkeløyver i Modalen kommune utgår f.o.m. 01.10.20. Nye løyver skal vurderast med utgangspunkt i retningslinene i rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune.

### **Vurdering**

Rådmannen rår til at det vert gjeve skjenkeløyve til Mobryggen Drift AS med dei vilkåra som er skildra i framlegg til vedtak.

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE-025, FA-K11	20/234

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

### Dagsturhytta - Modalen kommune

#### Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune vil søkje Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på kr 300 000 til etablering av Dagsturhytte.
2. Etablering av Dagsturhytte med opsjon på sanitæranlegg, er innarbeid i kulturplanen. Kulturplanen til kommunen er ein strategisk plan med handlingsprogram for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse i Modalen.
3. Kommunen vil søkje om tilskot frå spelemidlane i 2021.
4. Forslag på samarbeidsavtale om tilsyn av Dagsturhytta, skal følgje sak om plassering av hytta. Sak skal fremjast i 2020. Stader der det er eit lag eller fleire lag som vil påta seg drift av hytta vil bli vedlagt i vurdering av endeleg plassering. I tillegg må avtale med grunneigar om område for plassering av hytta og parkeringstilhøve, der turane startar til dagsturhytta vektleggast.
5. Sak om lokalisering skal innehalde budsjett, finansieringsplan og vedtak for dette. Signering av kontrakt som er utarbeida av Vestland fylkeskommune kan gjerast når det formelle er på plass.

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Alle kommunane i Vestland fylke har fått invitasjon, om å søkje tilskot til Dagsturhytte. Prosjektet er ein vidareføring av suksessen med bygging av Dagsturhytte i alle kommunane i Sogn og Fjordane. Kvar kommune kan søkje om tilskot til ei hytte, med unnatak av Bergen som kan søkje om fleire. Alle

dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane har ei Dagsturhytte. Fylkeskommunen sitt ynskje er at alle kommunane i det nye fylket Vestland, skal ha liknande tilbod til sine innbyggjarar. Det vart halde informasjonsmøte for alle kommunane om Dagsturhytte den 22.01.2020 i Bergen. Dagsturhyttene i Vestland fylke vert like i utforming som dei vi finn i Sogn og Fjordane. Hytta er tekna av *Rojo arkitekter* i Trondheim. Hytta vert om lag 15 kvadratmeter innvendig, men fotavtrykket vert om lag 42 m<sup>2</sup> utvendig på grunn av overbygg terrasse/utstikk. Vestland fylkeskommune har hatt oppdraget ute på anbod, på vegne av kommunane. Fylket vil følgje prosessen heilt til leverandør (*Stad kystbygg fekk anbodet*) av hyttene og endelege avtaler om bygging skal gjerast. Då overtek kommunane, som inngår avtale om leveranse av hytta med leverandøren. Hyttene byggjast på lager, før dei vert frakta til stadane dei skal monterast. Kommunen må inngå grunneigaravtalar, søkje byggjeløyve, skaffe lisens for bruk av helikopter og andre naudsynte løyve. Hyttene skal ha minst mogleg fotavtrykk og blir sett

på pålar i fjellet, med åtte feste. Tomta må ryddast på ein skånsom måte, slik at det vert minst mogleg inngrep i naturen. Sjølve hytta vert levert i 10 modular som vert heist på plass med helikopter og montert.

Under ser ein foto av nokon hytteplasseringar:



I den politiske saka i Vestland fylke vart det lagt til grunn ein maksimal pris på 1 mill. Denne summen er inklusiv meirverdiavgift og inneheld kostnader som grunnarbeid, bygging, frakt, helikopterlift mm. I tillegg har Vestland fylkeskommune vald å leggje til eit krav om at leveransen skal inkludere vedomn i hytta og eit solcellepanel for å gje lys inne i hytta. Vidare har fylkeskommunen lagt inn opsjon på

bygging av eit enkelt toalett (biodo).

### **I utlysninga frå fylkeskommunen om krav til prosjektet står det:**

- Prosjektet må planforankrast i kvar kommune for å kunne søkje om spelemidler.
- Sanitæranlegg vert tilrådd knytt til dei hyttene der ein i samråd med kommunen ser det vil vert eit behov.
- Det er ynskjeleg med eit nynorsk-bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement.
- Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse må vere ein del av lokal prosjektplan.
- Det er ynskjeleg å knytte kulturminne til dagsturhyttene der det ligg til rette for det.
- Det er ynskjeleg med brei medverknad i høve prosessane kring plassering, opparbeiding og drift.
- Nokre hytter i Vestland bør vere universelt utforma.
- Plakett med logo til bidragsytarar, med mal utforma av fylkeskommunen må plasserast på hytta.
- Hytta bør plasserast sentrumsnært, nær skule/barnehage og med mogleg tilkomst via kollektivtilbod. Det bør vere maks 15 minuttar køyring frå sentrum til startspunkt for fotturen, og vere om lag 30 minuttar å gå til hytta for dei minste.

Fylkestinget har løyvd midlar som skal nyttast til å setje i gong arbeidet med 10 hytter i 2020, men det vert etter planen og sett av tilskotsmidlar i 2021 og 2022.

Maksimal kostnad pr. hytte er sett til 1 million i anbudsutlysninga. I finansieringsmodellen ligg det eit fylkeskommunalt tilskot på kr 200 000,- til kvar hytte, samt ei gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr 100 000,- til kvar kommune.

Hyttene kan i tillegg få tildelt spelemidler på inntil kr 365 000,- tilsvarande 1/3 av kostnaden. Med utgangspunkt i pris på kr 1 000 000,- vert det ein kommunal eigenandel på kr 367 000,- inkludert mva – kostnad. Kommunen er tiltakshavar og mva – kompensasjon er avhengig av prosjektkostnad. Noko grunnarbeid er også godkjente som spelemidler og kan vere egeninnsats som kan gå inn i søknaden.



**Ein tenkt finasieringsmodell, frå Vestland fylkiskommune, for eigenandelen ser slik ut:**

	<b>Budsjett:</b>	<b>Merknad:</b>
Kjøp av dagsturhytte inkludert vedomn og solcellepanel	1 000 000	Inkl. mva. opparbeiding av tomt, helikopterfrakt.
<b>Finansiering:</b>		
Hordaland fylkeskommune	200 000	Midlar sett av i 2020 til 10 hytter i Vestland
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	100 000	Blir utløyyst automatisk når positivt svar frå fylkeskommunen ligg føre
Merverdiavgiftskompensasjon	200 000	På varer og tenester
Spelemedlar	333 000	1/3 tilskot av totalkostnad inkludert mva
Eigeninnsats	167 000	Opparbeiding av tomt, deltaking i montering av hytte m.v.
Sum	1 000 000	

Eigeninnsats som blir utført av kommunen, eller ved dugnad av frivillige til mellom anna tilrettelegging av tomt, deltaking i montering av hyttemondular kan påvirke kostnad på hytta.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Med utgangspunkt i finasieringsmodellen ovanfor vil Modalen kommune sitt bidrag i prosjektet vere inntil kr 317 000, pluss eventuell kostnad med opparbeiding av tomt, sti, evt. toalett, beising av hytta, div. innkjøp av utstyr m.m. I økonomiplanen for 2021 er det satt av kr 500 000 til prosjektet. Størstedelen av bidraget vil vera mva – kompensasjon. Dagsturhytta vil bli bygd med kommunen som tiltakshavar og meirverdikompenasjon vil vere aktuell på investeringa. Mva – kompensasjon er avhengig av prosjektkostnad.

#### **Vurdering:**

Lite fysisk aktivitet er blant dei største utfordringane for folkehelsa i Noreg og vil over tid kunne føra til livsstilsjukdommar. Det er viktig å førebyggja dette, og gode og lett tilgjengelege anlegg for idrett og friluftsliv er viktige reiskap i dette arbeidet. Etablering av ei dagsturhytte i Modalen kommune vil såleis ha svært positiv innverknad på folkehelsearbeidet i kommunen.

Konseptet med Dagsturhytta er at hytta skal vere open og tilgjengeleg for alle, 24 timar i døgnet, 7 dagar i veka og 365 dagar i året. Hytta skal opplevast som di, mi og vår hytte, som kan nyttast som turmål med høve til å gå inn, varme seg og ete maten tørt på regnversdagar. Etablering av Dagsturhytta i Modalen kommune vil vere eit viktig førebyggjande lågterskeltilbod som kan bidra til å ivareta god folkehelse for innbyggjarar i alle aldrar. Investeringskostnaden pr innbyggjar i tiltaket er rimeleg låg.

Første steg for å realisere bygging av ei Dagsturhytte i Modalen, er eit positiv politisk vedtak i saka. Eit intensjonsvedtak vil bli lagt ved søknaden om tilskot til Vestland fylkeskommune. Eit positivt svar frå fylkeskommunen om tilskot, utløyser automatisk tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

I tråd med føringane for prosjektet frå Vestland fylkeskommune vil ein kome attende med ny sak om plassering av Dagsturhytta på eit seinare tidspunkt. Det er peikt på at det skal vere ein brei brukarmedverknad i høve prosessane rundt plassering, opparbeiding og drift. Andre føringar frå fylket er ynskje om Dagsturhytte plassert nært eit kulturminne, helst i tilknytning til eksisterande tursti og mogleg opparbeiding av eit lite nynorsk barnebibliotek. Ein må også kome attende til vurdering om å inkludere toalett i prosjektet, når innstilling til plassering er klar. Kostnaden med å bygge eit eventuelt toalettanlegg, vil kome i tillegg til utgiftene kommunen har på bygging av Dagsturhytta.

I prosjektet er det lagt stor vekt på brei forankring i befolkninga, medverknad i høve forslag til plassering og samarbeid med frivillige med omsyn til tilsyn og drift når hytta står ferdig. Rådmannen tilrår at dette blir løyst gjennom ei skriftleg avtale med frivillige som vil ta seg av den daglege drifta og vedlikehald av hytta på dugnad, mot eit fast tilskot pr. år. Utkast til samarbeidsavtale om etablering av drift/vedlikehald av dagsturhytta vil følgje saka om plassering. Det er naturleg å søkje samarbeid med eit lag eller ein organisasjon som held til i område der hytta blir plassert. Andre omsyn ein må ta i høve val av plassering er høve til avtale med grunneigar og parkeringstilhøve.

Kommunen bør innarbeide midlar til drifts- og vedlikehaldsmateriell i driftsbudsjettet. Vedlikehaldsutgiftene til hytta skal vere låge, pga materialval innvendig og utvannig og den enkle utforminga hytta har. På spørsmål om herverk, opplyser Sogn og Fjordane fylkeskommune at dei ikkje har opplevd herverk på nokre av dei 26 hyttene dei har i fylket. Dei peiker på at opplevd eigarskap til hytta, kan vere årsak til at ein unngår herverk. Ein har snarare opplevd at det kjem spørsmål frå brukarane, om korleis ein kan få bidra på ulikt vis, til å ta vare på å utvikle hytta og områder rundt.

Det kan søkjast om spelemidlar januar 2021. Innanfor spelemiddelordninga er anlegget kategorisert som friluftsanlegg. Både Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune har ei satsing på friluftsanlegg for fordeling av spelemidlar. Satsinga går ut på at søknader om tilskot får spelemidlar til friluftsanlegg, uavhengig av kommunen sin vedtekte prioritering. Det inneber at kommunen vil få tildeling frå spelemidlar våren 2021, under føresetnad av at søknaden blir godkjent.

#### **Modalen kommune si framdriftsplan:**

- Intensjonsvedtak om bygging av Dagsturhytte **24.09.2020**

- Søknad til Vestland fylkeskommune og Sparebankst. Sogn og Fj. om tilskot. **Hausten 2020**
- Sak om plassering, avtale med grunneigar, opparbeiding, drift og innhald. **Hausten 2020**
- Signering av avtale om levering av dagsturhytte. **Hausten 2020**
- Søknad om spelemidlar. **Januar 2021**
- Bygging av dagsturhytte i Modalen. **Våren 2021**

## **Konklusjon**

Modalen kommune ynskjer at Dagsturhytta blir ein del folkesjela, at ein legg turen dit på dagsturer, trening rekreasjon, at hytta brukast i undervisningsamanheng i skule og barnehage, sosialt felleskap og gode friluftsopplevingar også på tvers av generasjonar. Dagsturhytta vil verte eit lågterskeltilbod for å få fleire, og nye målgrupper ut på tur, og oftare på tur.